

Rosande omtale og ny kontrakt til Br. Musland.

26.01.2017



Brødrene Musland med god omtale og ny kontrakt i Muradalen. Bilete syner arbeid i Eikedalen.

**Entreprenørfirma Brødrene Musland vann anbudet med å leggja ny vassledning i Hattebergdalen, eller det vi til vanleg kallar for Muradalen. Arbeidet gjeld traseen frå det gamle vassintaket midt i dalen og fram til Hatteberg, ei lengde på vel 2200 meter. Arbeidet skal gjerast til ein kostnad på rundt 8 mill. kr eks. moms.**



[Entreprenørfirma Br. Musland har basen sin på Børneset industriområde, her med sand og steinknuseverk.](#)

Brodrene Musland med Roar og Tore kan sjå tilbake på 12 års drift. I eit stramt marked har entreprenørane hatt godt med arbeid heile tida. Det gjeld mellom anna graving, grunnarbeid og natursteinsmuring. Med fem fast tilsette har dei arbeid på Stord, Seljestad og i Kvinnherad.



[BMM - Brødrene Musland Maskin.](#)

I ein reportasje i Kvinnheringen kjem det fram at Brødrene Musland maskin vart etablert i 2005. Basen er på Børneset industriområde, Med ein forsiktig start har firma vakse. Brørne har ei klar ansvarsfordeling der Roar tek seg av alt kontor- og administrativt arbeid, mens Tore er arbeidsleiaren ute i felten. Omsetnaden i 2015 var 14,4 millionar kroner, ein auke på heile 70 % frå året før.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal